



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-151	22/1019

STIMULERINGSTILSKOT BUSTADETABLERING - RETTNINGSLINJER

Vedlagte saksdokument:

Retningslinjer stimuleringsstilskot

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek retningslinjer for stimuleringsstilskot for bustad slik dei ligg føre, gjeldande frå 01.01.2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Stimuleringsstilskot til bustad er eit tilskot som kommunar kan gje, for mellom anna, å oppretthalde eller auke bustadbygging, eller tilflytting til kommunen. Vaksdal kommune har hatt ein slik ordning i mange år og den er godt brukt av innbyggjarane i Vaksdal. I 2021 var det 19 personar som fekk utbetalt stimuleringsstilskot på tilsaman kr 792.500,-, av desse 4 personar i Eksingedalen, Eidslandsområdet, Bergsdalen. I 2022 fekk 19 personar utbetalt kr 580.000,- i tilskot. Av desse 2 personar i Eksingedalen, Eidslandsområdet, Bergsdalen. Pr. 15.02.23 har 2 personar fått utbetalt stimuleringsstilskot på tilsaman kr 75.000,-.

I forhold til tidlegare retningslinjer er det nokre justeringar og presiseringar som skal tydeleggjere kven som kan søkje og kva ein kan søkje om. Det er mellom anna satt ein øvre aldersgrense på 60 år, samt at dersom ein byggjer nytt kan ein ikkje byggje på eit gards og bruksnummer som det allereie er byggja på før.

Sum for nybygg er auka frå 50 000,- til 100 000,- frå tidlegare retningslinjer, samt at 10% grensa av pris for eksisterande bustad, maksimalt 100 000,-, er tatt bort da den manglar relevans i dagens marked.

Dei nye retningslinjene er foreslått gjeldande for søknadar motteke frå og med 01.03.2023.